



Dato: 23.03.2022
 Arkivref: 2021/682-9277/2022 / 141

Saksbehandlar: Thorleif Thormodsen Lea
 ttl@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
39/22	Utval for areal og samferdsel	06.04.2022

GROVSILING OG TRAFIKKLYSSORTERING AV INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet godkjenner administrasjonen sitt framlegg til grovsiling og trafikklyssortering av innspel til kommuneplanen sin arealdel. Godkjente innspel blir vurdert i konsekvensutgreiing før dei blir vurdert innlemma i framlegg til plan.

Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 06.04.2022

Behandlinger:

Aslaug Skimmeland Huse (H) la fram framlegg om tre tilleggspunkt:

- Utvalet ber administrasjonen konsekvensutgreie ein heilskapleg plan for utvikling av området Gassasundet.
- Innspel Moster nr. 16 treng ikkje konsekvensutgreiast. Bustadområdet skal utvidast til to tomter.
- Nr. 36 Moster skal konsekvensutgreiast. Det er ønskeleg med felles båtanlegg for einingane.

Røysting:

Det vart først røysta over kommunedirektøren sitt framlegg. Framlegget frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Framlegget om tilleggspunkt frå Aslaug Skimmeland Huse (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Utval for areal og samferdsel gjorde samrøystes slikt **vedtak**:

Utvalet godkjenner administrasjonen sitt framlegg til grovsiling og trafikklyssortering av innspel til kommuneplanen sin arealdel. Godkjente innspel blir vurdert i konsekvensutgreiing før dei blir vurdert innlemma i framlegg til plan, med følgjande tilleggspunkt:

- Utvalet ber administrasjonen konsekvensutgreie ein heilskapleg plan for utvikling av området Gassasundet.

- Innspel Moster nr. 16 treng ikkje konsekvensutgreiast. Bustadområdet skal utvidast til to tomter.
- Nr. 36 Moster skal konsekvensutgreiast. Det er ønskeleg med felles båtanlegg for einingane.

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Planprogrammet for rullering av kommuneplanen sin arealdel, vedteken i kommunestyret 15.02.2021, omtalar i kapittel 6 korleis prosessen rundt innspel til kommuneplanen sin arealdel skal bli behandla. Dokumentet legg opp til at om kommunen ser det som naudsynt, er det moglegheit for siling av innspel. Det er trekt fram detaljnivå, og gjeve ei liste med kriterium for siling etter ein trafikklysmodell med grønt eller raudt lys.

Administrasjonen har sidan akkumulering av innspel starta i 2015 motteke 336 ulike dokument som inneheld innspel i alt frå handskrivne lappar til ferdige utgreiingar på 50 sider. Av desse var 106 eldre innspel, som har vært arkivert i påvente av kommuneplan rullering.

Administrasjonen varsla formelt oppstart av planarbeid etter planprogrammet blei godkjent, og det var halde ein formell innspelsperiode 25.03.2021 til 31.05.2021. Grendalag, -utval og krinslag fekk utvida fristen til ut august, og det var inga frist for innspel som omhandla areal til næring. I den perioden fekk me inn 257 innspel.

Alle innspel, med kart og dokument er tilgjengeleg fram til 06.04.22 på:

https://bomlokommune-my.sharepoint.com/:f/g/personal/85154_bomlo_kommune_no/Eo4blssrCGICn5GoEzqO48gBhUtfugnYdvqolL6pNN9sWw?e=OPWyEc

Vurderingar:

Det er eit svært høgt tal på innspel til rulleringa av kommuneplanen, som vitnar om veldig bevisste og aktive innbyggjarar i kommunen. I kurs om konsekvensutgreiing av kommuneplanen er det opplyst at rundt 100 innspel i «ikkje er uvanleg» ein mellomstor kommune. Sidan konsekvensutgreiing av grep i kommuneplanen sin arealdel skal vera ein grundig vurdering av konsekvensane av kvar enkel endring, er det konkludert med at det er behov for siling av innspel med forslag til arealbruk for at konsekvensutgreiinga skal vera ein overkommeleg øving, av tilstrekkeleg kvalitet og med overskodeleg resultat.

Det er først gjort ei sortering av innspel med forslag til arealbruk. Vidare er innspel som gjeld havområda, fiskeri og akvakultur, trekt ut og sendt til vurdering eksternt. Elles er det gjort litt rydding som å slå saman enkelte brev og fjerna duplikat og utgåtte innspel. Totalt blei det då 327 innspel til grovsiling.

Grovsiling av innspel om arealbruk på land er basert på enkle vilkår, der det viktigaste er detaljnivå. Det er sett opp grenser for minste omfang, ein for naust og ein for andre. Elles er det sortert bort innspel som vil bli forsøkt løyst på andre måtar, innspel til reguleringsplanar eller innspel som elles ikkje angår kommuneplanen sin arealdel. Det er ikkje gjort nokon vurdering av kvaliteten på

innspelet, om det er ønskjeleg eller ikkje. Vilkår er nærmare forklart i grovsilinga. I grovsilinga er 119 innspel sortert bort. 208 innspel er då vurdert vidare i trafikklysvurderinga.

Det er verdt å merka at mange innspel omhandlar mindre justeringar i arealformål. Det er til dømes bustadklynger etablert i LNF, eller bustadar etablert rett utanfor eit bustadformål – som ønskjer å få oppretta høveleg arealformål, eller bli innlemma i eit formål. Dette er sortert vekk, då det ikkje er ønskjeleg å behandla dei i ordinær konsekvensutgreiing. Dette vil heller bli behandla i ein forenkla prosess der heile plankartet blir gjennomgått. Dette forenklar saksbehandlinga for kommunen, og forbetrar planen også for dei tilfella som ikkje er spelt inn. Innspel det gjeld er merka i grovsilinga.

I trafikklysvurderinga er det gjort enkle vurderingar av høvelegheta, kvaliteten eller andre verdimesse sider av innspelet, basert på kriterium sett opp i planprogrammet sitt kapittel 6. Hensikten har vært å ta ut innspel som er vanskelege eller urealistiske å gjennomføra, som er i klar konflikt med viktige interesser eller som er i strid med ønska utvikling. Formålet er igjen å redusera omfanget av konsekvensutgreiinga, ved å ta ut innspel som uansett vil komma negativt ut av ein sånn vurdering, eller som uansett utfall ikkje er ønskjeleg frå eit planmessig perspektiv. Innspel som er for kompliserte til å ta stilling til i dette formatet er sendt vidare til konsekvensutgreiing. Vurderinga er delt opp i krinsane Brandasund, Espevær, Finnås, Foldrøy, Gilje, Goddo, Langevåg, Meling, Moster, Rolvsnes, Rubbestadneset og Svortland.

Enkelte innspel er slått saman, og vurdert som eitt innspel sjølv om det består av fleire brev. Alle brev er teke vare på. Det er vurdert 202 innspel i trafikklysvurderinga. Av desse er 122 teke vidare til konsekvensutgreiing, mens 80 er valt bort.

Oppsummering og konklusjon:

Administrasjonen har levert framlegg til siling av innspel i samsvar med kapittel 6 i planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel. Av 336 dokument opphavleg er det rydda, slått saman, silt og valt bort sånn at 122 innspel blir sendt vidare til konsekvensutgreiing. Dette er innspel som er vurdert å vera på kommuneplannivå, og er kvalitetssikra med akzeptabelt innhald eller av så komplekst innhald at ein vurdering i konsekvensutgreiing er høveleg.

Innspel er vurdert etter like vilkår og prinsipp på ein måte som er så godt grunngjeve som er høveleg gjeve formålet med silinga.

Kommunedirektøren tilrår difor at utvalet godkjenner framlegg til grovsiling av innspel med forslag til arealbruk slik den ligg føre.